

...STARTEN PÅ EIT GODT LIV...

ÅRSPLAN GOL BARNEHAGE AVDELING VESTERHUSET 2012

Lia, 9 plassar for 1-2 åringar
Reppen, 18 plassar for 3-6 åringar
Botten, 24 plassar for 2-6 åringar



LITT OM VESTERHUSET:

Vesterhuset barnehage består av Lia som er ein småbarnsavdeling med barn i alderen 1-2 år. Avdeling Reppen har barn i alderen 3-6 år, Botten er utvida avdeling med barn i alderen 2-6 år. Samarbeid på tvers av avdelingane gjer at store og små barn får anledning til å leike ilag. Me er ei stor personalgruppe som trivst godt saman, og som prøver å skape ein atmosfære prega av humør og trivsel! Me trur dette gjer at barna blir tillitsfulle og trygge på dei vaksne. Barnehagen har gode tradisjonar på å arbeide med lokal kultur, song, dans og dramatisering, og dette pregar kvardagen vår. Uteområde vårt er variert med tre og steinar å klatre på som gir motoriske utfordringar. Meir informasjon om Vesterhuset barnehage/Gol barnehage finn de på Gol kommune sine heimesider: www.gol.kommune.no

PLANLEGGINGSDAGAR 2012:

Det er 5 planleggingsdagar i året og då er barnehagen stengt.

Planleggingsdagane blir slik:

- 18. mai : Intern halvårsevaluering
- 15. august : Felles planleggingsdag for Gol barnehage
- 16. august : Felles planleggingsdag for Gol barnehage
- 12. november: Interkommunal kursdag
- 13. november: Årsplanarbeid og evaluering

Verdigrunnlag

Hovudmålsettingen vår tek utgangspunkt i Verdigrunnlaget til Gol barnehage, (Felles Årsplan). Punktet Likeverd vil få hovudfokus hjå oss dette året. Rammeplanen snakkar mykje om danningprosessen hjå barn. Mellom anna kor viktig det er for barn å utvikle forståing for kva det vil seie å ta vare på seg sjølv og kvarandre. Den seier også at barnehagen skal være eit miljø der ulike individ og kulturelle ytringar møtast i respekt for det som er forskjellig. Rammeplanen for barnehagen er ein forskrift til barnehageloven, og gjev oss forpliktingar til å jobbe etter dei føringane som er lagt. Nedanfor er det skissert korleis me ynskjer å jobbe med temaet Likeverd.

Rammeplanen: «Danning», dvs. «ein livslang prosess som mellom anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar».

DANNING

LIKEVERD

RESPEKT FOR KVARANDRE

Arbeidsmåtar for dei vaksne i kvardagen:

Refleksjon
over eigen
atferd – vere
rollemodellar

Beviste
vaksne i
samtale med
barn

Rollespel
Drama
«Steg for
steg»

Bli kjent
med ulike
tradisjonar
og kulturar

Kva ynskjer vi å oppnå i arbeidet med barna:

Akseptabel
barneatferd –
korleis vere
mot kvarandre

Aksept for den
ein er; språk,
størrelse og
hudfarge=
mangfoldighet

Trivsel og
glede i
leik og
læring

Felleskap
og venskap

Satsingsområde 2012 - Språklig og Sosial utvikling

Prosjektet «Felles løft for tidleg innsats - språkleg og sosial utvikling hos førskulebarn» fortsett i 2012. Prosjektet er ein felles satsing for alle barnehagane i Gol og Hallingdal, og er eit tverrfagleg samarbeid med PPT, helsestasjon og barneverntenesten. I 2011 har hovudmåla vore å bevisstgjere personalet på eigen praksis i forhold til ny kunnskap, og lære om generell og avvikande språkutvikling. Barnehagane vil bruke observasjonsmetoden TRAS, Tidleg Registrering Av Språkutvikling - i dagleg samspel. Personalet får ved systematisk observasjon vite kva barna kan, og kva dei treng å bli stimulert ekstra i for å få ein best mogleg språkutvikling. Språkleg og sosial utvikling har en gjensidig påverknad, så satsing i 2012 vil i tillegg omfatte normal og avvikande sosial utvikling for å sjå heile barnet i samanheng.

«Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneska i barnehagen er ein av dei viktigaste forutsetningane for utviklinga og læringa til barna. Trivselen og utviklinga til barnegruppa og det enkelte barnet skal derfor observerast og vurderast heile tida». Jf. Rammeplanen.

Språk i daglegdagse situasjonar

Personalet prøver å være bevisste modellar i samtale med barna om kvardagslege begrep i garderobe, måltid og leikesituasjonar. Me seier også grønt **farge** og rund **form** for å bevisstgjere barna på bruken av språket vårt. Denne måten å jobbe på er ein liten del av eit undervisningsopplegg knytta til begrepsutvikling (BU).

MÅLTID

GARDEROBE

LEIK

Arbeidsmåtar i kvardagen:

- Beskriv med riktige ord - ikkje «den» og «det»
- Benevne mens me gjer det me gjer - øve språkbegrep
- Høgtlesing - setja ord på og undre seg ilag med barna
- Nytte konkrete gjenstandar for å belyse ulike tema
- Skape forventningar for eksempel når me skal lese bok/fortelje
- Prate med barna om kva som skal skje - gje trygge og forutsigbare rammer
- Samtale om fortid, notid og framtid, for eksempel kva me har lyst til å gjere
- Støtte og guide barna undervegs i situasjonen dei er i - vise medfølelse
- Hjelp barna å reflektere over hendingar som skjer, for eksempel i konflikter

Foreldresamarbeid

Barnehageloven § 4: « for å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg». Foreldrerådet består av foreldra/dei føresette til alle barna i barnehagen. Ingen behøver velgast, alle er automatisk med i foreldrerådet i kraft av sin stilling som foreldre eller føresatt. Det er vesentlig at det fins eit forum der alle foreldra kan møtast og utveksle sine tankar om barnehagen og diskutere med kvarandre. I det høvet er **foreldrerådsmøter eit viktig forum** der alle foreldre kan stille opp for å påvirke og koma med innspel på innhaldet i barnas kvardag. Me ser på **foreldra som ein ressurs** i forhold til det arbeidet me gjer knytta til Felles Løft og tidleg innsats.

FUB - foreldreutvalet for barnehagar, er eit rådgivande organ og ein høyringsinstans for Kunnskapsdepartementet i saker om samarbeid mellom heim og barnehage. FUB skal gjennom informasjon og veiledning overfor foreldre styrke foreldreengasjementet og foreldreinnflytelsen i barnehagen. FUB` s hovudmål er at samarbeidet mellom heim og barnehage skal bidra til at alle barn får eit best mogleg tilbod. FUB sin internettside er: www.fug.no

Temaplan

Rammeplan har 7 fagområder. Me har valt ut 3 områder som me vil jobbe spesielt med dette året. Me trur barna har større mulighet til å fordjupe seg i tema og utforske ulike måtar å jobbe på, samt ta i bruk fleire sansar i arbeidet ved å gjere det slik. Dei andre fagområda kjem naturleg inn i barnas kvardag. Planen er mindre detaljert i og med me vil ta utgangspunkt i barnas ynskjer i forhold til temaarbeid og aktivitetar. Progresjonen hjå barna blir sett ut frå barnets alder og modning. Barns medverknad og progresjon kjem tydelegare fram i månadsplanen til kvar avdeling.

Kropp, bevegelse og helse:

- Lære om kroppen
- Kosthald
- Avslapning, Spa
- Song med bevegelse
- Miming
- Øve motorikk inne og ute

Kunst, kultur og kreativitet:

- Eventyr - fordjupning
- Galleri Gol - oppleve estetikk
- Forming - uttrykke seg estetisk
- Farger
- Tradisjon innafor byggjekunst og handverk
- Dialekt - hallingkultur, lokal song, dans og historie
- Tilbod frå den «den kulturelle skulesekken»

Antal, rom og form:

- Preposisjonar
- Prosess = produkt (snø/is prosjekt)
- Tal og mengde
- Retningssans - orientering
- Sortering
- Former/Mønster